

FLORA KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I FLORA KOMMUNE

Møtestad:		Møtedato:		Frå kl: 09:15
Flora samfunnshus - Møterom		4.6.2013		Til kl: 13:00

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
1. Bjarne Holme, Kleiva 16, 6900 Florø. (Leiar).	X		
2. Ingvar T Myrvollen, 6940 Eikefjord. (Nestleiar)	X		
3. Bjørg Mikalsen, Eikedalen 22, 6900 Florø.	X		
4. Eva Richter, Seljetun 1 L, 6900 Florø.	X		
5. Berit Hovland, Havrenesvegen 26, 6900 Florø.	X		

Personlege varamedlemmer :	Møtte:		
1. John Arvid Svanøe, Bergmovegen 9, 6900 Florø.			
2. Einar Jacobsen, Digreneset 17, 6900 Florø.			
3. Gunn Jansen.			
4. Henning Ryland, Auklandsvegen 11, 6900 Florø.			
5. Solbjørg Tonheim.			

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:

Ordførar Bengt Solheim-Olsen og rådmann Terje Heggheim får tilsendt sakstilfanget og møteinnkallingar til utvalet sine møter.

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Controllar Berit Osa 045/13

KRYSS revisjon v/Terje Førde.

KRYSS revisjon v/Trine Vokuhl.

Kommunalsjef Helse og sosial Norunn Stavø sak 045/13. Leiar helse- og sosialutvalet Jacob Nødseth 045/13

Økonomisjef Linda Asphjell sakene 045/13.

Rådmann Terje Heggheim sak 045/13.

Ordførar Bengt Solheim Olsen sak 045/13

Kommunalsjef Kultur og Oppvekst Guri Langaas 045/13

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :

SAKLISTA I MØTET :

044/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.

045/13 Orientering - Tilbod teneste for brukar i Flora kommune. ikkje offentleg

046/13 Oppfølging av bystyrevedtak.

047/13 Oversikt vakante stillingar Flora kommune.

048/13 Oppfølgingsliste 6-2013 - Flora.

049/13 Eventuelt.

UNDERSKRIFTER :

Bjarne Holme
Bjarne Holme
leiar

Ingvar T. Myrvollen
Ingvar T Myrvollen

Berit Hovland
Berit Hovland

Eva Richter
Eva Richter

Asgeir Tveit
Asgeir Tveit, sekr.

Bjørg Mikalsen
Bjørg Mikalsen

044/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.06.2013	044/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling.

045/13 TILBOD TENESTE FOR BRUKAR I FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 29.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.06.2013	045/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- E-post frå kontrollutvalet til leiar i HSU, datert 27.05.2013.
- E-post frå kontrollutvalet til ordførar, datert 27.05.2013.
- E-post frå kontrollutvalet til rådmannen, datert 27.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 036/13 Eventuelt.
- Kontrollutvalsak 039/13 Orientering – Tilbod teneste for brukar i Flora kommune. (Uoff)

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart lagt fram utan tilråding.
-

Det vart debattert om møtet skulle lukkast.

Kontrollutvalet vedtok einstemmig at møtet går for opne dører i samband med leiar i HSU sine utgreiingar av det formelle i saksgangen, men at møtet vert lukka i ein bolk der ein kjem inn på personopplysningar og opplysningar som gjeld arbeidstakar sine tenestlege tilhøve, Jfr kml § 31.2 og 31.3, Jfr fvl § 13.

Utvalseiar orienterte om at i den opne delen har alle ei sjølvstendig plikt om å overhalde teieplikta.

Jacob Nødseth delte ut skriftleg orientering og orienterte munnleg om den formelle saksgangen.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK I OPEN DEL AV MØTET

- Kontrollutvalet tek til vitande at HSU-sak 031/13 vert lagt fram for bystyret.

Lukka del av møtet:

Notat frå rådmannen med melding om kritikkverdige forhold som gjeld leiar av helse- og sosialutvalet; Jacob Nødseth vart delt ut.

Kontrollutvalet stilte Jacob Nødseth spørsmål på grunnlag av notatet.

Forslag til vedtak frå medlem Berit Hovland:

Kontrollutvalet har i sak 45/13 handsama utgreiing frå rådmannen og utgreiing frå leiar i helse og sosialutvalet knyta opp mot sak 31/13 i Helse- og sosialutvalet. Kontrollutvalet har vidare stilt spørsmål til leiar i HSU Jacob Nødseth basert på innhaldet i notat frå rådmannen.

På bakgrunn av dette vurderer kontrollutvalet leiar i HSU Jacob Nødseth si åtferd overfor tilsette i administrasjonen i kommunen som ikkje akseptabel, Kontrollutvalet ber bystyret setje i verk tiltak for å få stoppa slik åtferd frå Jacob Nødseth.

Saka vert sendt til bystyret ved ordførar vedlagt notat frå rådmannen og leiar for sosial- og helseutvalet.

Det vart stemt over forslaget:

Forslaget vart einstemmig vedteke.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK I LUKKA DEL AV MØTET

Kontrollutvalet har i sak 45/13 handsama utgreiing frå rådmannen og utgreiing frå leiar i helse og sosialutvalet knyta opp mot sak 31/13 i Helse- og sosialutvalet. Kontrollutvalet har vidare stilt spørsmål til leiar i HSU Jacob Nødseth basert på innhaldet i notat frå rådmannen.

På bakgrunn av dette vurderer kontrollutvalet leiar i HSU Jacob Nødseth si åtferd overfor tilsette i administrasjonen i kommunen som ikkje akseptabel, Kontrollutvalet ber bystyret setje i verk tiltak for å få stoppe slik åtferd frå Jacob Nødseth.

Saka vert sendt til bystyret ved ordførar.

TILBOD TENESTE FOR BRUKAR I FLORA KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om framgangen ved tildeling av kommunalt tenestetilbod for brukar..

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 vart det under sak 036/13 Eventuelt av nestleiar i kontrollutvalet teke opp spørsmål om handtering av leiar i HSU sitt utspel der vedtak vedrørende ein tenestebukar vart overprøvd. Kontrollutvalet gjorde i møte vedtak om at dei vil ha rådmannen og leiar i HSU sin uttale i saka.

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg uttale i saka i form av faktiske hendingar i saka og korleis ein ser på korleis handsaminga skulle vere opp mot lover og reglement, samt at dokument i saka vert lagde fram for kontrollutvalet. Rådmannen vart også orientert om at han vert kalla inn til kontrollutvalsmøtet i Flora 27.05.2013.

16.05.2013 er det skrive brev til leiar i Helse- og sosialutvalet der kontrollutvalet i korte trekk orienterer om bakgrunnen for at kontrollutvalet ynskjer å sjå på saka, og der kontrollutvalet ber om leiar i HSU si skriftlege uttale i saka. Leiar i HSU vart også orientert om at han vert kalla inn til kontrollutvalsmøtet i Flora 27.05.2013.

Rådmannen orienterte seinare om at han ville leggje fram skriftleg uttale i møtet måndag 27.05.2013.

Leiar i HSU har uttalte at han ynskjer å leggje saka fram munnleg i møtet. Det vart 23.05.2013 pr e-post igjen bedd om at leiar i HSU legg fram ei skriftleg uttale seinast i møtet måndag 27.05.2013.

Sekom sekretariat har fått tilsendt dokument vedrørende saka som vart handsama i HSU 22.05.2013. Desse dokumenta er ikkje offentlege.

Saka vart handsama i kontrollutvalet 27.05.2013. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

Open del av møtet:

- *HSU leiar har ikkje lagt fram skriftleg dokumentasjon til møtet, slik kontrollutvalet bad om. HSU-leiar får etter dette ikkje leggje fram si munnlege framstilling i møtet.*
- *HSU-leiar vert kalla inn til nytt møte 4.6.2013 og får då høve til å leggje fram si skriftlege og munnlege framstilling av saka.*
- *Kontrollutvalet tek til vitande rådmannen si orientering om at han ynskjer å leggje HSU-sak 031/13 fram for bystyret for endeleg avgjerd.*

Lukka del av møtet:

Rådmannen orienterte.

Kontrollutvalet sitt vedtak;

- *Kontrollutvalet tek rådmannen si orientering om administrasjonen si oppleving av kritikkverdige tilhøve mellom HSU-leiar og administrasjon til vitande og vil følge dette opp.*
- *Kontrollutvalet vil på bakgrunn av dette på neste møtet stille spørsmål til HSU-leiar.*
- *Rådmannen vert kalla inn til møtet 4.6.2013.*
- *Ordførar vert oppmoda om å møte i kontrollutvalsmøtet 4.6.2013.*

Leiar for HSU fekk altså ikkje uttale seg i saka i og med at det ikkje vart lagt fram skriftleg dokumentasjon som kontrollutvalet kunne seie seg nøgde med.

På grunnlag av vedtaket som vart gjort i kontrollutvalsmøtet 27.05.2013, er det sendt brev til leiar i HSU der han blir orientert om vedtaket til kontrollutvalet i sak 039/13. I eposten er han også orientert om at han, med grunnlag i arbeidsmiljølova og det rådmannen orienterte om i lukka del av møtet, vil bli stilt spørsmål om det som av rådmannen blir oppfatta som kritikkverdige tilhøve mellom HSU-leiar og administrasjonen.

I møtet 03.06.2013 vil leiar i HSU igjen få høve til å leggje fram si skriftleg- og munnlege framstilling av saka.

Slik det går fram av vedtaket til kontrollutvalet, er rådmannen kalla inn til møtet i saka.

Slik det går fram av vedtaket til kontrollutvalet, er ordførar invitert til møtet i saka.

Sekretariat si vurdering

Sekretariatet vurderer det slik at dette framleis er innleiande informasjon i saka, og at det som kjem fram i møtet og i skriftlege uttale vil vere avgjerande for korleis saka vert handtert vidare. Sekretariatet vurderer det slik at vidare handtering evt. må vurderast opp mot det som er gjeldande retningslinjer og regelverk på området.

046/13 OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat

Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.06.2013	046/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 16.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 34/13 Oppfølging av bystyrevedtak.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Saka vert utsett.

Saksutgreiing

OPPFØLGING AV BYSTYREVEDTAK

Innleiing – Kva saka gjeld

Diskusjon om rutinar for oppfølging av bystyrevedtak.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 hadde kontrollutvalet oppe sak om oppfølging av bystyrevedtak.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 034/13 Oppfølging av bystyrevedtak:

- *Kontrollutvalet vurderer å innføre fast ordning med oppfølging av bystyrevedtak.*
- *Kontrollutvalet ber om rådmannen sin uttale i saka.*
- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å diskutere saka.*

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der rådmannen er orientert om vedtaket og der ein ber om ein skriftleg uttale om korleis han ser føre seg korleis ei slik ordning kan fungere. Det er ikkje motteke svar frå rådmannen. Rådmannen er kalla inn til saka i møtet.

Sekretariat si vurdering

047/13 OVERSIKT VAKANTE STILLINGAR I FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.06.2013	047/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 16.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 34/13 Oppfølging av bystyrevedtak.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ber om å få tilsendt oversikt over vakante stillingar i Flora kommune.

KONTROLLUTVALET SITTE VEDTAK:

- Saka vert utsett.

Saksutgreiing

OVERSIKT VAKANTE STILLINGAR I FLORA KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 13.05.2013 hadde kontrollutvalet oppe sak om oppfølging av bystyrevedtak.

Kontrollutvalet gjorde bl. a. følgjande vedtak i sak 034/13 Oppfølging av bystyrevedtak:

- *Kontrollutvalet ynskjer oversikt over vakante stillingar.*

16.05.13 er det skrive brev til Flora kommune der rådmannen er orientert om vedtaket og der ein ber om at det vert lagt fram ei liste over vakante stillingar i Flora kommune. Rådmannen er også orientert i brevet om at han vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 27.05.13 for å diskutere saka.

Sekretariat si vurdering

Dersom det skal vere ei fast ordning at kontrollutvalet får oversikt over ledige stillingar i flora kommune, bør det avklarast kor ofte slik oversikt skal leggjast fram for kontrollutvalet.

048/13 OPPFØLGINGSLISTE 6-2013 FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 24.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	04.06.2013	048/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 6-2013 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 6-2013 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Saka vert utsett.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 6-2013 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24.05 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

049/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.06.2013	049/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Saka vert utsett.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.